



Hjorten må bort frå bakkane, krev Haugland-grunneigarane.

Hjortevalda Haugland og Døsmland hadde fellesmøte 23. april og fleire av grunneigarane var heilt i mot storvald. Dette er skrinlagt, opplyser Lars Haugland i eit brev til viltforvaltar Leiv Trygve Varanes.

Det andre grunneigarane oppretter ikkje storvald berre for å gjera det, det må liggja fordelar i det. Men det er ikkje ekstra løyver å henta, registrerer grunneigarane.

- Å få frie dyr er ein liten fordel, men vi på Haugland har rikeleg med dyr å velja i på bakkane. Ingen her vil gå i storvald på grunn av frie dyr..

Haugland og Døsmland kan få 47 dyr (250 dekar bak kvart løyve). Dette må bli det same anten vi er i storvald eller ikkje. Men du skriv at eit samarbeid vil gje rom for eit noko høgare tal på fellingsløyver. Dette rimar ikkje, skriv Haugland til viltforvaltaren.

Haugland gjev denne oversikta over problema på Haugland:

- Det er 11 grunneigarar på Haugland, men berre for 2-4 av dei har hjorteplaga økonomisk konsekvens. Dei andre paktar vekk jorda eller driv mindre intensivt.

Etter litt turbulens har vi no eit vald på Haugland som fungerer. Og her er fleire som ikkje er klar til å gå i storvald, men heller vil melda seg ut av heile valdet. Valdet kan då tapa 4-7 løyve. Det betyr lite for dei så lengje dei ikkje tapar økonomisk. Vi som har skadeproblema kan ikkje diktera korkje grunneigarar i eige vald eller nabovald til å gå i storvald. Vi blir altså taparane og eg tapar kanskje 20.000-50.000 i året.

Vi er svært skuffa over endringane som kom på minsteareal. Vi fekk inntrykk av at politikarane og fylkesmannen ville hjelpa oss.

Haugland spør: - Er det ikkje politikarane som bestemmer? Korleis er saksgangen vidare når det gjeld minsteareal?

Han sluttar brevet slik: - Ved tildelinga stillar du krav til rapportering, kjevar, sett hjort. Og alt dette vert berre statistikk og ikkje til hjelp for oss.

No stiller vi krav tilbake: Hjorten skal vekk frå bakkane. Det er du som har myndigheit over hjorten, og då bør du som er tilsett i kommunen arbeide for dei som har store hjorteproblem. Å få til storvald her i området er kun teori. Andre løysingar må til.

Av Ola Matti Mathisen